

## Gaustum (gnr. 161)

Gaustum skal vera eit svært sjelda gardnamn, og det ligg nær å tru at opphavet til namnet har noko med dei naturlege tilhøve å gjera. – Ein merker seg at grunnorda i namnet kan vera gustr, gust, verdrag, og eimr, eim, skodde, gusteimr. Er dette rett, da kan det og vera eit opphavleg samband mellom elvenamnet Gausa og gardnamnet Gaustum. Men om dette er slik, ja sjå det er enda uvisst.

Det første vi finn gardnamnet skrivi, er i Fåberg-brev frå mellomalderen. Der er namnet i 1320 skrivi Gausteimi, i 1330 Gaustæimi og i 1438 Gaustem. Ein merker seg og at grunnordet Gaust med tydeleg au-lyd, og at dette fell saman med uttalen av namnet i bygdemålet.

Så nær nabo som Gaustum var til Prestegarden, var det så rimeleg at Gaustum tidleg kunne bli til- eller underlagt kyrkja eller prestebordet. I Stiftsboka av 1577 er det såleis fortalt at "Gustevolden 3 Kalschind brugis Ved Prestegarden". I Lensrekneskapen for 1594 finn ein elles gardnamnet alt da skrivi Gustum. Gaustum var vidare rekna i gruppa for "fullgardar" og svara 20 skilling i skatt som fullgardar flest. I alt var det i den tid 28 fullgardar i Fåberg. Nå har vi elles alt glømt at Gaustum og er nemnt i 1528 i skattemanntalet Gjengjerden. Der er det fortalt at brukaren på garden da heitte Toleff, men gardnamnet Gustym er ikkje til å kjenne att.

At Gaustum framleis var ein stor gard i 1604, går tydeleg fram av utlikninga av korntienda. Utlikninga på "Gustem", som namnet ved det høvet var skrivi, var 3 ½ td., som altså svara til ei årsavling på 35 tdr. Andre gardar som hadde like stor utlikning den gongen, var Mælum, Bleken og Hove. – Seks år seinare er i 1610 namnet på brukaren skrivi Peder Gustumb, og i 1611 Peer Gustumb.

I 1615 er det elles fortalt at Peder Gustum var vorte drepe av grannen sin Anders Svenske, som så hadde rømt. 15. november 1615 var 6 valde lagrettesmenn samla på Kirkerud for å registrere det som var att etter drapsmannen, og som han altså ved denne ugjerninga hadde forbrote. Dei 6 lagrettesmenn var med den skrivemåten av namna som vart brukt ved valet: Gunnar Rionne, Peder Berrig, Rasmus Bollung, Amund Borre (Boro), Aksel Fagstad og Peder Nordhovin. Det er og fortalt at dei registrerte eignelutene etter Anders Svenske vart verdsatt til 9 ½ dalar 4 ½ skilling. Den drepne Peder Gaustum må elles ha hatt ein nær slektning som og heitte Peder, og som 6 år seinare hadde tatt over og var gardbrukar på Gaustum. Etter atter sju år var det i 1629 Tolleff Gustum som var brukar på garden.

Meir om garden og gardsbruket går fram av opplysningar frå kring 1650-60: - I 1657 er det såleis fortalt at Arne, som da var brukar på Gaustum, hadde eit husdyrhald på 1 hest, 3 hopper, 16 storfe, 18 sauer og 4 griser, men ingen geiter. Om han med sine 3 hopper dreiv nokon større hestealnad går ikkje fram, da føl og kalver ikkje er medrekna i Kvegskattmannntalet av 1657. I odelsjordboka frå same året er det elles fortalt at Arne Gaustum sjølv åtte jordegods i garden sin for ei landskyld på 1 ½ hud, og Svend Gurrestad (Skog) åtte jordegods for 1 hud i landskyld. I Mannkjønnsmanntalet av 1665 er det vidare fortalt at brukaren eigentleg heitte Arne Tollefsen Gaustum, at han var 63 år og at han hadde 4 søner: Peder, som var 48 år, Anders, 30 år, Bård 26 år og Isak, 24 år, men sjukleg. Det er da fortalt at forutan brukaren og Svend Skog, så åtte Anders hoff og jordegods for 1 huds landskyld i Gaustum.

I og med matrikkelframlegget av 1668 kom det fleire og nyare opplysningar om gardane. Om Gaustum i Bakkarne er det der fortalt at enga, innmarka på garden, var god, og at meir kunne dyrkast, men det var heller lite med skog til garden. Når det er fortalt at det var ein liten humlegard der, så tyder det på at det var ein heim der det ikkje så sjeldan vanka gjester, for da trongst det øl. Om gardsbruket er det elles vidare fortalt at buskapen av store husdyr var 4 hestar og 24 storfe, og at korntienda vart utreidd med 4 tdr., som altså svara til ei årsavling på 40 tdr. Gaustum hadde da seter og sommarbeite åt krøtera på Skjelbreien seter.

Om brøde og straf handlar ei leiermålssak fra Gaustum i 1670. Saka er i ei utskrift av tingboka referert slik:

”Mellem i Fåberg 21. novb. 1670.

Fogden utspurte Arne Gustum ang. hans søn Isaach som har besovet Sidsell Christophersdtr. Med hvem han er i 2. og 3. led beslektet. Hun er siden død.

Arne Gustum opplyste at hans søn skulle være på Modum, og at han ventet ham hjem til sommeren, hvorfor saken beror.

Mellem i Fåberg 6. novb. 1671.

Indstevnte bør avsone av yderste formue og efter Kirkens disiplin her i sognet, begive sig til bergverkene for 3 år.”

Om odelsretten til Gaustum handlar i sak som i utskrift har denne ordlyden:

”34. oktb. 1705.

Overdragelseskort fra Jon Hougfoss i Modum prestegjeld til Knud Olsen i Fåberg på at han for billig betaling har solgt ham sin odelsløsningsrett til grd. Gustum. Dat. 23. sept. 1705.

Imot dette kort innhold protesterte sognepresten hr. Johan Rosing på det kraftigste, da han holder sig for rette odelsmann til Gustum, som derhos er hans eiende gård, hvilket han begjærte på kortet og i protokollen innført.”

Femten år seinare gav i 1720 hr. Johan Rosing obl. på 500 rd. til Monsr. Hans Jacob Schmidt mot pant i Gaustum av skyld 3 ½ hud. Etter det måtte altså soknepresten hr. Johan Rosing ha fått godkjent odelsretten sin til Gaustum. Det same går og fram av matrikkeltilrådinga av 1723, der det er opplyst at hr. Johan Rosing er både eigar og brukar av Gaustum. Om garden og gardsbruket i den tid er det elles fortalt at garden ligg i sollia, har god jord og er lettbrukt., men på sine stader tørrlendt. Husdyrhaldet var i den tid 3 hestar, 24 naut og 20 sauer, og den årlege utsæden av korn var ca. 9 tdr. bygg og litt rug. Det er vidare fortalt at garden da hadde fiskeri i Laugen elv saman med Ronnerud, Sundgarden og Fliflet, men fiskeriet var av ”mådelig verd”. Av dei to husmennene på Gaustum i den tid, hadde den eine jord og den andre ikkje.

I 1727 vart det store forandringar på Gaustum: Sokneprest til Norderhov menighet, hr. Hans Rossing, hadde da gitt skjøte til Bent Tostensen Studshoved og Nils Amundsen Lien på grd. Gaustum i Fåberg med ¼ del i Ørens fiskeri av skyld 3 huder 6 skinn for 940 rd. Året etter gav Nils Lien i Saksumdalen skjøte til svogeren sin, Bent Tostensen Studshoved, og arvingane hans på halvparten i Gaustum av skyld 1 hud 9 skinn for kjøpesum 490 rd. Dermed var altså Bent Tostensen åleine eigar og brukar av Gaustum av skyld 3 ½ hud.

Bent Tostensen Gaustum, som han snart vart kalla, var fødd i 1681, og var gift 2 gonger. Det 1. ekteskapet var med Kjersti Olsdtr., og dei hadde sønene Tosten, Ole og Kristen. I hans 2. ekteskap, med Marit Amundsdr. Lien, var det 4 born. Ole, Amund, Tomas og Kjersti. Det var ei stor og godt utrusta familie som da flytte inn på Gaustum, og slekta vart der i mange ættleder.

Men Bent Tostensen sjølv vart ingen gamal mann. Han døde alt i 1733, og 28. sept. S.å. var det skifte etter han. Av dette skiftet går det tydeleg fram at det nærast var god økonomisk stilling på alt så snart etter overtakinga av garden. Arvebuet brutto, jordvegen irekna, utgjorde da 1418 rd. og netto 617 rd. og arvingane var forutan enka Marit Amundsdr. dei 7 borna etter avdøde Bent Tostensen Gaustum.

Enka Marit Amundsdr. Gaustum gifta seg oppatt, men brukte garden sjølv inntil vidare. I 1741 er det fortalt at ho hadde ei sak med grannane sine om gjerdehaldet kring slåtteenga Hagen,

men året etter gav ho så skjøte til Ole Syversen Presterud på grd. Gaustum av skyld 3 huder 6 skinn for kjøpesum 960 rd. + føderåd.

Frå 1745 er det elles ei odels sak som her er av interesse. Saka er etter utskrift av tingboka referert slik:

”Odelslysning dat. 4. juli 1744 tgl. 15. febr. 1745.

Thomas Rosing ber hr. sorenskriveren om han vil forkynde ved førstholdende ting i Fåberg, at han vil innløse grd. Gustum i Fåbergs prestegjeld beliggende, som med underliggende  $\frac{1}{4}$  i Ørens fiskeri skylder 3 huder og 6 skind, som i året 1727 av hans far Hans Rossing sogneprest da for Norderhougs prestegjeld, er solgt, men han ser sig ikke nu i stand til å innløse den, da han ikke har nok penger, og må fortsette sine studier i utlandet.”

Det førde til at Ole Torgersen Engeland av Gausdal, som var trulova med Kjersti Bentsdr. Gustum, den 15. juni 1750 fekk odelskjøta frå Thomas Rosing, Sacrocanctæ Theologiæ et Phillosophiæ Studiosus, på odelsretten til Gaustum for sum 120 rd.

To år seinare gav Ole Torgersen Gustum skjøte til Kristen Tostensen Ormerud ”eller Snedker” på ”et på hans gård Gustum tilhørende og underliggende jordstykke Myren kaldet, tillikemed den nest beliggende veed (veit) ell. gren (grein) av Gausdahls Elven som enken Kirsti Myren hidinntil har brukt, for sum 70 rd.”

I 1748 brukte Amund Bentsen Gustum engelandet Holen. Han hadde da stemna Tord og Amund Bleken for ein del hogst der. Saka vart elles utsett og vist til synfaring. Men i 1764 hadde Amund Bentsen Gustum fått skjøte på Døsen i Vingrom og flytte dit.

I mellomtida gav i 1751 Ole Torgersen Gustum bygselseddel til Kristian Larsen på ”en under hans gård Gustum til og underliggende husmannsplads Hage-bakken kaldet mot å svare årlig husleie med rede penge 5 rd. til hver. 7 juli.”

Ole Torgersen Engeland Gustum, som fleire gonger er nemnt, var fødd i 1726 og vart i 1745 gift med Kjersti Bentsdr. Gustum, og de fekk 7 born. Det var: 1. Torger f. 1746, 2. Ole f. 1748, 3. Bent f. 1751, 4. Marit f. 1753, 5. Marte f. 1756, 6. Anders f. 1761, 7. Mari f. 1763. Av døtrene vart etterkvart Berit gift til Mælum, Marit vart gift med Kristen E. Onsum, og Mari vart gift med Søren Tomtensen Moen, Gausdal.

I 1756 vart Thomas Gaustum og Thomas Lien stemna av prokurator Nimb fordi dei som ”Bønderkarle” hadde drivi handel. Saka var føre på 4 ting, men vart enda utsett.

Frå 1759 er ei meir komplisert sak som i utskrift har denne ordlyden:

”Gaustum i Fåberg, 8. oktb. 1759

Befaring og Skylddeling av pl. Moen eller Myren, beliggende like under grd. Gaustum i Fåberg.

Fogden fremla Amtets ordre til denne forretning og begjærte fremkalt grd. Gaustums eier Ole Torgersen og pl. Myrens eier Kristen Tostensen for å avlegge den riktighet som Cammercollegiets resolusjon utfordrer. Garden Gaustum skylder i alt 3 huder 6 skind og skulle ha ett fuldt dragonkvarter.

Kristen Tostensen foreviste sitt skjøte av 1753 og meldte at han i noen år hadde ligget i bekostelig prosess med Kirsti Larsdr. om plassens fravikelse. Dommen gikk ut på at hun skulle han plassen, men for 2 år siden forlot hun dette bruk, og siden har ingen vist hvor hun holdt sig før nu. Kristen Torgersen måtte derfor anta plassen til bruk og beboelse for at den ikke skulle ruineres. Grd. Gaustums eier Ole Torgersen sa bl.a. at Gaustum er et dragonkvarter, hvorfra intet må bortkomme. Kirsti Larsdatters oppførsel som huskvinne hadde vært slett og forargelig og hennes foretagende nu er grunnet på misundelse. Han svarte på rettens spørsmål at Gaustums jord var sandaktig og tør. Utsæd ca. 14 tdr. Gården føder 34 storfe, 4-5 hester og 16 småkreaturer.

Retten foretok befaring, hvorefter blev besluttet: Når jordstykket Moen eller Myren efter sin utstrekning og innvortes verdi endelig skal skyldsettes, kan det ikke ansettes for mer enn i det høiste 1 skind. Om dette ene skind skal tages fra grd. Gaustums skyld eller ikke, underkastes Cammercollegiets bestemmelse.”

Ole Torgersen var framleis brukar av Gaustum i 1764. Han lånte da 400 rd. av Kristen Lier mot 1. pr. pant i grd. Gaustum av skyld 3 ½ hud. Truleg skulle pengane brukast til nybygging eller restaurering av husa. Denne obl. vart elles kvittert og avlyst i 1770. Men samtidig lånte Ole Torgersen den store summen på 1400 rd. av Kristen Bentsen Lien og Kristen Eriksen Onsum. To år seinare gav i 1772 Ole Torgersen Gaustum og sonen Torger Olsen skjøte til svigersonen Kristen Eriksen Onsum på grd. Gaustum av skyld 3 huder 6 skinn for sum 1690 rd. Samtidig selde Torger Olsen sin odels- og løysningsrett til grd. Gaustum for 140 rd. tilsm. 1830 rd.

Marit Olsdr. Gaustum og Kristen Onsum fekk elles ikkje born, og husfrua døde alt i 1785. Ved skiftet i samband med dødsfallet gav husbonden Kristen E. Gaustum 300 rd. til arvingane åt kona Marit Olsdr. Husbonden Kristen Gaustum gifta seg oppatt med enka Marit Pedersdr. Vingnes, men heller ikkje dei hadde born i ekteskapet sitt.

I denne tid reiste justitsråd Nicolai Christian Lassen gjennom Gudbrandsdalen og skreiv under opphaldet i Fåberg om Gustom, som han kallar garden, truleg etter uttalen. Etter dei opplysningar han hadde fått, var Gaustum også da ein av dei store gardane i bygda. Utsæden av korn skulle vera ca. 20 tdr., og buskapen av store og små husdyr var 8 hestar, 30 storfe og 30 småfe, og det var framleis 2 husmannsplassar til garden.

I 1793 hadde ein systerson av Kristen E. Onsum tatt over som gardbrukar på Gaustum. Det fulle namnet hans var Harkild Eriksen Vedum, og han var fødd i 1762. Han gifta seg i 1794 med Ingeborg Kristensdr. Fliflet, og dei fekk 5 born. Det var: a. Kristense f. 1794, b. Anne f. 1796, c. Berte f. 1799, d. Erik f. 1802 og e. Marte f. 1806.

Under folketellinga i 1801 var det etter dette 6 familiar som budde på og/eller ved Gaustum. Det var:

1. familie: Harkild Eriksen, husbonden, 40 år, 2. Ingeborg Kristensdr. Kona hans, 33 år, 3. Kristense Harkildsdr., dotter deres, 7 år, 4. Anne Harkildsdr., 5 år, 5. Berte Harkildsdr., 2 år, 6. Ole Engebretsen, tenestekar, 27 år, 7. Syver Kristofersen, tenestekar, 23 år, 8. Hans Engebretsen, tenestekar, 20 år, 9. Jørgen Iversen, tenestekar, 25 år, 10. Guro Mortensdr., tenestkvinne, 45 år, 11. Rønnaug Engebretsdr., tenestkvinne 12 år, 12. Mari Engebretsdr., tenestkvinne, 20 år, 13. Marta Larsdr., tenestkvinne, 13 år.
2. familie: 1. Mari Pedersdr. føderådskone, 65 år, 2. Ole Iversen, son hennes, 37 år.
3. familie: Ole Kristensen, skoleholder og husmann, 34 år, 2. Eli Kristensen, kona hans, 37 år, 3. Mari Olsdr., dotter deres, 3 år, 4. Kjersti Halvorsdr., føderådskone, mor til kona, 68 år, 5. Johannes Larsen, ”går i skredderlære”, 17 år.
4. familie: 1. Torger Olsen, husmann med jord, 55 år, 2. Eli Larsdr., kona hans, 49 år, 3. Ole Torgersen, far til mannen, føderådsmann, 75 år.
5. familie: 1. Jon Eriksen, husmann med jord, 42 år, 2. Kari Engebretsdr., kona hans, 52 år, 3. Ole Iversen, son deres, 10 år.
6. familie: 1. Kristen Kristensen, husmann med jord, 49 år, 2. Kari Jespersdr., kona hans, 40 år, 3. Kristen Kristensen, son deres, 11 år, 4. Kristian Kristensen, 6 år, 5. Johan Kristensen, 2 år, 6. Marit Kristensdr., 9 år.

Husbonden Harkild Eriksen vart elles ingen gamal mann. Han døde i 1811, og 17. juni 1812 var det arveskifte etter han. Av dette skiftet går det tydeleg fram at det framleis var velstand på Gaustum. Garden Gaustum med Nordødegården vart da taksert til 3000 rd., og skiftebuett

utgjorde netto 6000 rd. Det var ingen gjeld. Ved skiftet fekk sonen Erik, som da var 9 år, 1000 rd. og dei 4 søstrene hans: Kristense, Anne, Berte og Marte fekk 500 rd. kvar. Enka Ingeborg Kristensen gifta seg oppatt med Jørgen Iversen og brukte garden saman med mannen inntil vidare.

Skoleholder Ole Kristensen budde på Gaustumhaugen. Kona hans, Eli Kristensdtr., døde i 1807, og det var arveskifte på Gaustumhaugen. Arvemidlane omrekna i pengar utgjorde da brutto 64 rd. og netto 69 rd. Arvingane var forutan enkemannen, skoleholder og husmann Ole Kristensen, dei 2 borna i ekteskapet: Mari 9 år og Kristen 6 år, dessutan ei dotter Sigrid, som mora Eli Kristensdtr. hadde før giftarmålet, og som ved skiftet var 20 år. Skoleholder Ole Kristensen gifta seg oppatt med Sidsel Pedersdtr. og budde framleis på Gaustumhaugen til han døde i 1820. Frå arveskiftet i samband med dødsfallet er det m.a. opplyst at arvebuet netto da var på 113 rd., og at enka Eli og den avdøde hadde 3 born i ekteskapet sitt: Kristian 10 år, Ingeborg 6 år og Eli 4 år. Sonen Kristen Olsen av 1. ekteskapet åt faren var da 19 år og tok visstnok over som husmann på ”pl. Gaustomhaugen øvre”, der han døde i 1839. Det er opplyst at han da var gift med Marthe Johannesdtr., og at dei hadde to born: Eli 11 år og Berte 6 år.

I mellomtida var det i 1819 kome eit nytt matrikkelframlegg med fleire opplysningar om gardane. At Gaustum også da var ein stor gard, går tydeleg fram av dei oppgitte tal. Buskapen av store husdyr på Gaustum med halve Myren var da 7 hester og 36 naut, og den årlege kornavlinga vart oppgitt til å vera kring 115 tdr. Det er vidare opplyst at det framleis var 4 husmannsplassar til Gaustum.

Sju år seinare, altså i 1826, hadde Erik Harkildsen gifta seg med Rønnaug Iversdtr. Fykse f. 1800, men den nye brukaren døde alt i 1837. Enka Rønnaug Gaustum, som sikkert var ei både driftig og dugande kvinne, fekk da ordna det slik at ho sat i uskifta bu og sjølv brukte garden. I matrikkelen av 1838 er det såleis fortalt om Gaustum at der var det da ”Eriks enke” som åtte og brukte garden. Først i 1850, 13 år etter dødsfallet, var det skifte etter Erik Harkildsen. – Og det var også da stor velstand på Gaustum. Garden Gaustum m/halve Myhren vart taksert til 2500 rd., og arvebuet utgjorde 3420 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Rønnaug Iversdtr. dei 4 borna i ekteskapet. Av desse var Harald da 23 år, Johan var 20, Mathias 17 år og Christine 14 år. Året etter døde den dugande mor deira, og det var atter arveskifte på Gaustum. Frå dette skiftet er det m.a. fortalt at alle dei 4 døtrene til Harkild Eriksen Gaustum i ekteskapet med Ingeborg Kristensdtr. var gifte såleis: Kristense var gift med kjøpm. Sæter i Øyer, Anna var gift med Halvor Jevne i Vingrom. Berte var gift med Anders Toft i Gausdal og Marte var gift med Ole Lier.

Harald Eriksen Gaustum gifta seg i 1858 med Marie Samuelsdtr. Ouren på Børke og tok så over gardsbruket. Han hadde såleis Gaustum ved landbrukstellinga i 1865. Om jordbruket og husdyrbruket på garden den tid er det m.a. fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da var 484 mål, og av dette var 178 mål jord av 1. klasse. Husdyrhaldet på sjølve garden var samtidig 8 hestar, 30 kyr og 25 geiter, og dertil var det på husmannsplassar som hørde garden til 8 kyr og 14 sauer. Vidare er det og opplyst at utsæden på sjølve garden var 1 td. rug, 5 tdr. bygg, 15 tdr. blandkorn og 1 td. erter, og at det årleg vart sett ca. 30 tdr. poteter. Dessutan vart det på plassane til garden sådd ca. 4 tdr. blandkorn og sett ca. 3 tdr. poteter. I 1886 kom så den nye matrikkelen, og gardane fekk tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld. Gaustum m/Myren fekk da gardsnr. 161 med ei samla matrikkelskyld på 26,43 mark, og det var i 1886 enda berre eitt bruksnr. under gnr. 161 Gaustum. Eigar og brukar av garden var da Harald Eriksen Gaustum f. 1827.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var Gaustum m/Myren da selt til Hans Oppegaard og Nils Blessum. I denne tid var det enda husmenn på fleire av dei gamle husvær under garden. Tobias Andreassen med familie brukte Haugen og budde der. Hans Hagen vart kalla så fordi han brukte Hagen og budde der, og andre husmenn var Andreas Tollefsen og Ole Larsen.

Dessutan budde i 1901 sersjant Simen Torgersrud på eller ved Gaustum, og i 1907 agent Johs. Ødegaard med hustru.

I 1907 kjøpte Fåberg kommune grn. 161, brn. 1 Gaustum til heim for gamle, og Birger Lunde m.fl. kjøpte brn. 2 Mjogsjøen av skyld 0,52 mark., og garden vart så etter kvart parsellert ut i mange bruksnummer. I 1908 kjøpte såleis Jens Larsen brn. 4 Løvseth av skyld 0,30 mar, Hans Oppegård kjøpte brn. 5 Nerhaugen av skyld 2,50 mark, Erik Wedum kjøpte brn. 6 Myhren av skyld 2,50 mark, John P. Sørlien kjøpte Gustumvollen av skyld 2,20 mark, Johan J. Berggren kjøpte brn. 9 Lønstad av skyld 0,70 mark, Tobias A. Haugen kjøpte brn. 10 Haugen av skyld 0,60 mark, og Hans Ellingsberg kjøpte i 1910 brn. 11 Alvstad. Seinare har Hans Ellingsberg kjøpt brn. 12 Alvstadteigen, Johan Berggren har kjøpt brn. 13 Berggrensteigen, Marie Haugen har kjøpt brn. 14 Haugteigen, Jens Løvset kjøpte brn. 15 Løvsetteigen, Sigurd O. Gustumsletten kjøpte Gustumsletta brn. 16 av skyld 0,70 mark og Marie M. Tomasstuen kjøpte brn. 17 Lidarheim osv. Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det vorte 19 bruksnummer under gnr. 161 Gustum.

Av desse 19 brn. Var det i 1939 likevel berre 6 jordbruk som hadde eit jordbruksareal av åker, eng og kulturbeite på meir enn 10 mål. Det var: 1. Gnr. 161, brn. 1 Gaustum med eit jordbruksareal på ca. 190 mål og med K. Skullerud som eigar og brukar, 2. brn. 4 Løvset, som Molfred Løvset da hadde, 3. brn. 2 Lønstad med Johan Berggren som eigar og brukar og med eit jordbruksareal på ca. 20 mål, 4. brn. 10 Haugen med eit jordbruksareal på ca. 15 mål og med Johan Gustumhaugen som eigar og brukar, 5. brn. 11 og 12 Alfstad som Martha Ellingsberg da åtte og brukte, og der jordbruksarealet var ca. 25 mål, og 6. brn. 16 Gustumsletta med Sigurd Sletten som eigar og brukar og med eit jordbruksareal på ca. 15 mål.